



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Tom Dybwad  
Telefon: 57 65 51 50  
E-post: td@fmsf.no

Vår dato  
29.01.2010  
Dykkar dato  
14.12.2009

Vår referanse  
2009/503 - 432.0  
Dykkar referanse

Røde Kors Sogn og Fjordane  
pb. 573  
6803 Førde

## Røde Kors Sogn og Fjordane - Løyve til kjentmannskøyring i verneområde

Vi viser til brev av 14.12.2009. Brevet gjeld vidareføring av kjentmannskøyring i verneområde for 2009, og søknad om nye løyve i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, Breheimen nasjonalpark og Jostedalsbreen nasjonalpark. Søknaden gjeld for åra 2010, 2011 og 2012, og er også ei oppfølging av eit møte 02.12.2009 om kjentmannskøyring m.m..

Vi viser også til politimeisteren si godkjenning av øvingsplanen av 3.3.2009 for 2009 og brev av 1.3.1999 frå Direktoratet for naturforvaltning om kjentmannskøyring og køyring med sikring for auge.

### Søknaden

Røde Kors i Sogn og Fjordane søker om løyve til å gjennomføre kjentmannskøyring med snøskuter for hjelpekorpsa som vist i vedlagt plan. Rutene går både i nasjonalparkar og i landskapsvernområde. Dei rutene og områda det er søkt om, med unntak av nye ruter i Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde og ei rute til Snønipa i Jostedalsbreen nasjonalpark, vart diskutert med Fylkesmannen si miljøvernaving i eit fellesmøte 02.12.2009. Sogn og Fjordane Røde Kors har i denne søknaden retta seg etter tilrådingar frå Fylkesmannen.

Nye ruter sidan 2009 er  
Breheimen nasjonalpark:

- frå Storevatnet til Grønevatnet (rute til Nørdestedalseter, ligg også i Lom kommune i Oppland fylke) v/ Luster røde Kors Hjelpekorps.

Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde:

- Vasslivatnet v/ Hyen Røde Kors Hjelpekorps
- Storevatnet - Måsevatnet – Blådalsvatnet til grensa mot Naustdal v/ Hyen Røde Kors Hjelpekorps.
- Rausetstølen – Sessegga v/ Gloppen Røde Kors Hjelpekorps
- Ryggjastølen – Traudalen – Instevatnet v/ Gloppen Røde Kors Hjelpekorps
- Gimmestadstølen – Breidalsvatna v/ Gloppen Røde Kors Hjelpekorps
- Langedalen – Fagredalen (der overtek Hyen) v/ Gloppen Røde Kors Hjelpekorps
- Jardalen – Fagredalen v/ Gloppen Røde Kors Hjelpekorps
- Søreidstøylen – Daurmålsnibba – Storevarden v/ Gloppen Røde Kors Hjelpekorps

Jostedalsbreen Nasjonalpark:

- Veslebotnen – Steinheia – Brekulen – Snønipa v/ Gloppen Røde Kors Hjelpekorps

Dei nye rutene har, fordi dei ikkje har vore diskuterte i møte mellom Fylkesmannen og Sogn og Fjordane Røde Kors, ikkje vore gjennom same grundige sakshandsaminga som rutene som

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 05  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

fekk løyve i 2009. Dei er komne som innspel etter møtet 2.12.2009, og Fylkesmannen vart beden av Sogn og Fjordane Røde Kors om å vurdere desse like grundig. Dei nye rutene har heller ikkje vore til handsaming hos Politimeisteren i Sogn og Fjordane.

Føremålet med kjentmannskøyringa er å sjekke snø- og isforhold, moglegheit til å kome fram og få oppdaterte vegval lagt inn på GPS. Det vert søkt om inntil 2 turar pr. område i ein tidsperiode frå 3 veker før påske. På bakgrunn av løyvet for 2009, vert det no søkt om løyve for fleire år.

Søkjaren har gjeve melding om at dei vil rette seg etter dei pålegga dei får med omsyn på rapportering og melding for og etterkant av kvar tur, og andre spesielle tilhøve som gjeld.

### **Generell vurdering for alle områda**

For kvart enkelt verneområde er det eigne verneforskrifter som gjeld. Vi har difor teke for oss kvart enkelt område i samband med heimelsgrunnlaget og verneføremålet. Vurderinga er elles generell for alle områda. Rutene er nemnde med konkrete stadnamn for kvartområde. Vi nemner at dette gjeld kjentmannskøyring, og at det difor ikkje er naudsynt å slavisk følgje luftlinje frå stad til stad. Vi meiner at ein bør halde seg til dei mest brukte rutene, då det truleg er der det kan bli naudsynt med ein leiteaksjon, og det såleis er behov for å gjere seg kjend. I søknaden er det også teke med område som ikkje er innanfor verneområde. Det er difor ikkje alle dei omsøkte rutene Fylkesmannen treng å gje løyve for. Dei er likevel med her slik at ein ser samanhengen i dei omsøkte områda.

Bak vår vurdering ligg det at det er dei områda der det ferdast mykje folk, som vil vere mest aktuelle for redningsaksjonar. Det er difor ruter der mykje folk ferdast, og nær utgangspunkt for skiturar, som først og fremst er aktuelle for kjentmannskøyring. Kjentmannskøyring skal ikkje ta høgde for ein kvar situasjon som kan tenkjast å oppstå, og ein må ta omsyn til at i mange tilfelle er det redningshelikopter som vil vere meir aktuell enn snøskuter. Vi ser det i denne samanhengen også som viktig at å GPS-logge ei rute i terrenget mange gonger vil vere meir aktuelt til fjernare stader enn kjentmannskøyring.

I verneforskriftene for alle verneområde er det unntak for "ferdsel som skjer i politi-, brannvern-, ambulanse- eller sikringsøyemed". For å klargjere korleis dette er å forstå skreiv difor direktoratet for naturforvaltning eit brev av 1.3.1999. I brevet heiter det: *"For å unngå misforståingar omkring omgrepet "sikringsøyemed", og hindre ulik praktisering av dispensasjonsbestemmelsane, har det vært nødvendig med en klargjøring/grenseoppgang i forhold til hjelpekorpsenes verksemd."* Vidare i brevet står det at "kjentmannskøyring" eller øvingskøyring med snøskuter krev særskilt dispensasjon frå verneforskriftene. Dispensasjon kan bli gjeve av forvaltningsstyresmakta for verneområdet med bakgrunn i plan som er godkjent av politimeisteren. Fylkesmannen oppmoda difor søkjaren til å sende inn øvingsplanen til godkjenning hjå politimeistaren under møtet 29.1.2009. Denne godkjenninga vart motteke hos Fylkesmannen 11.3.2009. Politimeistaren skriv m.a. i brevet: "Det er viktig at landskapsvernområda vert skjerma mest mogeleg mot motorisert ferdsel. Røde Kors er ein naturleg ressurs å bruke i høve eventuell redningsinnsats i desse områda. Det er difor naudsynt at Røde Kors får drive kjentmannskøyring med snøskuter for å kunne vere ein effektiv ressurs for redningstenesta. Det er likevel viktig at køyringa vert avgrensa så mykje som mogleg, og så langt som mogleg koordinert med politiet sin eigen aktivitet i desse områda. Dersom politiet ikkje kan delta på snøskuterkøyring må Røde Kors likevel få gjere seg kjent i det omfang som er søkt om. Det er viktig at Røde Kors melder frå til politiet i god tid før kvar køyring finn stad og at ein rapporterer etter kvar einskild tur. Under desse føresetnadane tilrår politiet søknaden frå Røde Kors."

I somme område kan ein treffe på villrein. Vi oppmodar difor til aktsam framferd og samarbeid med Statens naturoppsyn under kjentmannskøyringa. Vi minne elles som at løyve også må innhentast frå grunneigarar og kommune. Når det gjeld talet på turar og snøskuterar meiner Fylkesmannen at det bør vere tilstrekkeleg med 2 snøskuterar med nødvendig personell for kvar tur. Dei aktuelle rutene/områda for 2009 og som det vert søkt om vidareføring for, vart diskutert under møtet hos Fylkesmannen den 29.1.2009. Fylkesmannen slutta seg til politimeistarens vedtak om å godkjenne det omsøkte omfanget av kjentmannskøyringa.

Når det gjeld dei nye omsøkte rutene, har dei med unntak av den nye ruta i Breheimen frå Sognefjellet til Nørdestedalseter ikkje vore diskutert korkje på møtet 29.1.2009 eller møtet 02.12.2009. Behovet for køyring i Breheimen har også vore teke opp i samband med verneplanprosessen for opprettinga av Breheimen nasjonalpark (kgl.res.07.08.2009). Dei andre nye omsøkte rutene (frå Hyen Røde Kors Hjelpekorps og frå Gloppen Røde Kors Hjelpekorps) om kjentmannskøyring var ikkje diskuterte på dei nemnde møta, og har heller ikkje vore lagt fram for Politimeisteren for godkjenning. Vi meiner det difor vil vere rett å avgrense løyve til eit minimum ut frå den kunnskapen vi har i dag om ferdsel, og at desse løyva (med unntak av ruta i Breheimen) berre skal gjelde for eitt år. Vi tykkjer det vil vere rett med eit nytt møte i nov/des der vi går gjennom dei nye rutene og andre røynslar.

Vi tykkjer all kjentmannskøyring skal vere gjennomført innan ei veke før påske. Dette for at snøskuterspora skal få moglegheit til å snø ned. I verneområda ventar ikkje folk at det skal vere nemneverdig med skuterspor. Vi tykkjer primært at kvart løyve til kjentmannskøyring skal følgje etter ei på førehand fastlagd rute, med høve til å avvike frå denne ut frå tilhøva der og då. Vi meiner det ikkje bør gjevast løyve etter påske, når utfarten er mykje mindre. Vi er innstilte på å gi løyve til to turar før påske etter dei rutene som får løyve. 2009 var på mange måtar eit prøveår der vi og de hausta røynslar, med opning for å gi fleirårige løyve seinare.

Alle løyve vert gjevne med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 naturmangfaldlova § 34, med tilvising til verneforskrifta for kvart verneområde.

**NB!** Fylkesmannen skal som forvaltningsstyresmakt ha oversikt over all motorferdsel i verneområde. Det vil difor bli sett som vilkår at all motorferdsel i samband med kjentmannskøyring skal rapporterast. Her skal det vere med dato, (tilvising til) rute, om politi/lensmann var med og evt spesielle observasjonar (t.d. dyreliv, folk på tur).

## Avgjerder

### ***Vik Røde Kors Hjelpekorps***

#### ***Stølsheimen landskapsvernområde***

Utfartsområdet frå riksveg 13 og vestover frå Målset inkludert punkt som Skjellingavatnet, Selhamarhytta, Rappen og Bjergane. Utfartsområdet frå riksveg 13 og austover frå Målset inkludert punkter som Dueskaret, Ytredalsvatnet og Store Muravatnet (utanfor LVO).

#### Heimelsgrunnlag

I følgje pkt. IV, 4 er motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy forbode. I følgje pkt. VII kan forvaltningsstyresmakta "...gjere unntak frå vernereglane m.a. "...i særskilde høve når det ikkje strir mot føremål med vernet."

"Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske." (pkt. III)

Avgjerd

Vi gjer med dette løyve for inntil 2 snøskuterar med nødvendig mannskap:

- Inntil 2 kjentmannsturar langs ei rute frå Riksveg 13 og vestover frå Målset – Skjellingavatnet til Selhamarhytta – Rappen – Bjergane.

Løyve vert gjeve på vilkår av at:

- bruk av snøskuter gjeld i perioden 15. februar til laurdagen ei veke før palmesøndag med unntak av søndagar for åra 2010, 2011 og 2012
- omfanget av snøskuterkøyring avgrensar seg til ruta som skissert og det som er strengt naudsynt
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn, som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal medbringast under transport. Køyrebok fyllast ut før kvar tur
- Fylkesmannen får tilsendt ein rapport om gjennomføringa innan 1.juni (fellesrapport frå Sogn og Fjordane Røde Kors).

**Lærdal Røde Kors Hjelpekorps****Bleia-Storebotnen landskapsvernområde**

Området frå Sluppen (Snøvegen) og vestover til Bleia, samt Kvitingsmorki naturreservat.

Heimelsgrunnlang

I Bleia-Storebotnen landskapsvernområde gjeld m.a. "Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode..." §3. Av §4 går det fram at "Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta..." m.a. "...i spesielle tilfelle, når det ikkje strir mot føremålet med vernet." "Føremålet med Bleia-Storebotnen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Her utgjer breisen si forming av det gamle slettelandet og fjordlandskapet med ein variert vegetasjon og fauna med villrein ein vesentleg del av landskapets karakter." (§ 2).

I Kvitingsmorki naturreservat er i følge pkt. IV, 4 Motorisert ferdsl, på land og vatn "...forbode, medrekna start og landing med luftfarty." I følge pkt. VIII kan Forvaltningsstyresmakta "...gjere unntak frå forskrifta når formålet for fredinga krev det, og dessutan for vitenskaplege undersøkingar, arbeid som er særleg viktig for samfunnet og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga."

"Føremålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området utgjer eit stort, samanhengande skogområde med eit stort mangfald av vegetasjonstypar, og med ein skoggradient frå fjord til fjell."

Avgjerd

Vi gjev med dette løyve for inntil 2 snøskutrar med nødvendig mannskap:

- Inntil 2 kjentmannsturar langs ruta Sluppen – Bleiaskard (2 ulike ruter, aust og vest for stora Grånosi (1566)) - Bleia 1717

Løyve vert gjeve på vilkår av at:

- bruk av snøskuter gjeld i perioden 15. februar til laurdagen ei veke før palmesøndag med unntak av søndagar for åra 2010, 2011 og 2012
- omfanget av snøskuterkøyring avgrensar seg til rutene som skissert og det som er strengt naudsynt
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn, som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar

- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal medbringast under transport. Køyrebok fyllast ut før kvar tur
- Fylkesmannen får tilsendt ein eigen rapport om gjennomføringa innan 1.juni (fellesrapport frå Sogn og Fjordane Røde Kors).

### **Jølster Røde Kors Hjelpekorps**

#### **Jostedalsbreen nasjonalpark**

Behovet for kjentmannskøyring gjeld områda:

- Stardalen — Befringsdalen — (inn i parken)
- Strupen — Kvannebakbu. Stardalen — Flatjordstøylen — (inn i parken) Bjørga
- Stardalen — Høyvik — Haugastøylen — (inn i parken) opp til Haugabreen.
- Dvergsdalen — (inn i parken) Salsegga — brekanten av Grovabreen

#### Heimelsgrunnlag

I Jostedalsbreen nasjonalpark er i følgje forskriftene pkt. VI, 4.1 "...motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, forbode." I pkt. VI i forskriftene står det at forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan "...gjere unntak frå vernereglane m.a. når dette ikkje strir mot føremålet med vernet."

Føremålet med nasjonalparken er i følgje pkt. III:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.

- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

- å verne om kulturminne og kulturlandskap

#### Avgjerd

Vi gjer med bakgrunn i vurdering løyve for inntil 2 snøskutrar med nødvendig mannskap for:

- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta: Stardalen – Befringsdalen - Strupen - Kvannebakbu
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta: Stardalen — Flatjordstøylen — Bjørga
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta: Stardalen — Høyvik — Haugastøylen — opp til Haugabreen.
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta: Dvergsdalen — Salsegga — brekanten til Grovabreen

Løyve vert gjeve på vilkår av at:

- bruk av snøskuter gjeld i perioden 15. februar til laurdagen ei veke før palmesøndag med unntak av søndagar for åra 2010, 2011 og 2012
- omfanget av snøskuterkøyring avgrensar seg til det som er strengt naudsynt
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn, som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal medbringast under transport. Køyrebok fyllast ut før kvar tur
- Fylkesmannen får tilsendt ein eigen rapport om gjennomføringa innan 1.juni (fellesrapport frå Sogn og Fjordane Røde Kors).

### **Naustdal Røde Kors Hjelpekorps**

#### **Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde**

Naustdal Røde Kors Hjelpekorps har hytte og påskeberedskap ved Vonavatnet. Dette er det mest populære utfartsområdet for skigåing i Naustdal kommune. Store delar av det som dei reknar for deira operasjonsområde i samband med denne beredskapen, ligg innanfor Landskapsvernområdet Naustdal-Gjengedal. Utfartsområda femnar om vegen frå parkeringsplassen på Nes opp til Vonavatnet, sjølvje Vonavatnet og området rundt vatnet, samt Vonagarden i austenden av vatnet. Frå Vonavatnet går skiturane ofte mot Svostølen (nordvest

for vatnet), mot Vonastølen og inste Vonaskaret, og Blomsterlidalen (populær turløype frå Vonastølen til Svostølen) med avstikkar frå Steinbotnen ned til Vonavatnet. Ei lengre rute går frå Vonavatnet om Gotdalen til Langevasshytta.

#### Heimelsgrunnlag

I følgje § 3 pkt. 5.1. er motorferdsel "...forbode både på land og på vatn, inkludert landing med fly og helikopter." Forvaltningsstyresmakta kan i følgje pkt. 5.3. a) gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre m.a. i samband med øvingskøyring knytt til formål nemnt i pkt. 5.2 a). Eit av desse formåla er redningsoppgåver, og vi vurderer at kjentmannskøyring er ei form for øvingskøyring knytt til redningsoppgåver.

#### Avgjerd

Vi gir med bakgrunn i vurdering løyve for inntil 2 snøskuterar med nødvendig mannskap for:

- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta Vonagarden - Vonastølen inste Vonaskaret - Steinbotnen - Vonavatnet.
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta Vonavatnet - Gotdalen - Langevasshytta.

Løyve vert gjeve på vilkår av at:

- bruk av snøskuter gjeld i perioden 15.februar til laurdagen ei veke før palmesøndag med unntak av søndagar for åra 2010, 2011 og 2012
- omfanget av snøskuterkøyring avgrensar seg til det som er strengt naudsynt
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn, som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal medbringast under transport. Køyrebok fyllast ut før kvar tur
- Fylkesmannen får tilsendt ein eigen rapport om gjennomføringa innan 1.juni (fellesrapport frå Sogn og Fjordane Røde Kors).

#### ***Hyen Røde Kors Hjelpekorps***

##### ***Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde***

Hjelpekorpsset bed om løyve til kjentmannskøyring i følgjande område:

- Vasslivatnet
- Storevatnet - Måsevatnet – Blådalsvatnet til grensa mot Naustdal.

Grunngjeving: Korpsleiar i Hyen, Ola Henning Ommedal, fortel at korpsset har påskeberedskap stasjonert i området vest for Gjengedalsstøylen. Størst utfart skjer i omsøkte område.

#### Heimelsgrunnlag

I følgje § 3 pkt. 5.1. er motorferdsel "...forbode både på land og på vatn, inkludert landing med fly og helikopter." Forvaltningsstyresmakta kan i følgje pkt. 5.3. a) gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre m.a. i samband med øvingskøyring knytt til formål nemnt i pkt. 5.2 a). Eitt av desse formåla er redningsoppgåver, og vi vurderer at kjentmannskøyring er ei form for øvingskøyring knytt til redningsoppgåver.

#### Avgjerd

Vi gir med bakgrunn i vurdering løyve for inntil 2 snøskuterar med nødvendig mannskap for:

- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta Gjengedalsstøylen – Vasslivatnet
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta Gjengedalsstøylen – Storevatnet – Måsevatnet

Løyve vert gjeve på vilkår av at:

- bruk av snøskuter gjeld perioden 15.2. – 20.3. for året 2010, og ikkje på søndagar
- omfanget av snøskuterkøyring avgrensar seg til det som er strengt naudsynt
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn, som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar

- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal medbringast under transport. Køyrebok fyllast ut før kvar tur
- Fylkesmannen får tilsendt ein eigen rapport om gjennomføringa innan 1.juni (fellesrapport frå Sogn og Fjordane Røde Kors).

### ***Gloppen Røde Kors Hjelpkorps***

#### ***Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde***

Hjelpkorpsset bed om løyve til kjentmannskøyring i følgjande område:

Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde (moderat til stor utfart i følgjande område.):

- Rausetstølen – Sessegga
- Ryggjastølen – Traudalen – Instevatnet
- Gimmestadstølen – Breidalsvatna
- Langedalen – Fagredalen (der overtek Hyen)
- Jardalen – Fagredalen
- Søreidstøylen – Daurmålsnibba – Storevarden

Grunngjeving: Korpsleiar i Gloppen, Hans Ole Andenæs, viser til at dette er område med større eller mindre skiutfart, spesielt ved påske.

#### Heimelsgrunnlag

I følgje § 3 pkt. 5.1. er motorferdsel "...forbode både på land og på vatn, inkludert landing med fly og helikopter." Forvaltningsstyresmakta kan i følgje pkt. 5.3. a) gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre m.a. i samband med øvingskøyring knytt til formål nemnt i pkt. 5.2 a). Eitt av desse formåla er redningsoppgåver, og vi vurderer at kjentmannskøyring er ei form for øvingskøyring knytt til redningsoppgåver.

#### Avgjerd

Vi gir med bakgrunn i vurdering løyve for inntil 2 snøskuterar med nødvendig mannskap for:

- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta Gimmestadstølen – Breidalsvatna
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta Jardalen – Fagredalen
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta Søreidstøylen – Lisbethdalen (på ruta til Duarmålsnibba/Storevarden)

Løyve vert gjeve på vilkår av at:

- bruk av snøskuter gjeld perioden 15.2. – 20.3. for året 2010, og ikkje på søndagar
- omfanget av snøskuterkøyring avgrensar seg til det som er strengt naudsynt
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn, som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal medbringast under transport. Køyrebok fyllast ut før kvar tur
- Fylkesmannen får tilsendt ein eigen rapport om gjennomføringa innan 1.juni (fellesrapport frå Sogn og Fjordane Røde Kors).

#### ***Jostedalsbreen Nasjonalpark:***

- Veslebotnen – Steinheia – Brekulen – Snønipa.

Grunngjeving: Gloppen har sin påskeberedskap på Utvikjellet, grunna stor utfart i området.

Spesielt er utfarten til Snønipa stor, og ein fryktar at det snart vil bli behov for Røde Kors inne i nasjonalparken. Kjentmannskøyring på hovudruta vil difor vere viktig for redningsberedskapen i dette området. Den største utfordringa er å komme seg opp brekulen. Med snøskuter går dette berre dersom føret er optimalt. Det er difor eit ønskje frå Gloppen om å bruke trakkemaskina til skisenteret for trække løype opp brekulen for scooter, dersom køyreforholda er dårlege i perioden kjentmannskøyringa skal skje. I fall ein reell redningsaksjon utan flygevêr, meiner Gloppen trakkemaskina vil vere løysinga om det er mykje laussnø, og Andenæs meiner difor den bør inkluderast ved behov også for kjentmannskøyring.

Heimelsgrunnlag

I Jostedalbreen nasjonalpark er i følge forskriftene pkt. VI, 4.1 "...motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, forbode." I pkt. VI i forskriftene står det at forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan "...gjere unntak frå vernereglane m.a. når dette ikkje strir mot føremålet med vernet."

Føremålet med nasjonalparken er i følge pkt. III:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Vurdering og avgjerd

Snønipa må vurderast på linje med breplatået på Jostedalbreen, der det er gjeve eit eingongsløyve for å sjå om det er mogleg å kome seg hit frå ulike stader, som ei øving. Bruk av trakkemaskin oppfattar vi ikkje som kjentmannskøyring, men som tilrettelegging. Grensa for Jostedalbreen nasjonalpark går i området kring Steinheia like ved brekanten for Myklebustbreen. På denne bakgrunnen vert søknaden om bruk av trakkemaskin avslått.

Dersom Gloppen Røde Kors Hjelpekorps og Jølster Røde Kors Hjelpekorps etter godkjenning frå og i samarbeid med Politimeisteren ønskjer å arrangere ei øving med snøskuter til Snønipa (m.a. for å GPS-logge aktuelle ruter frå Gloppen og Stardalen), er Fylkesmannen innstilt på å gi eit løyve til det, jf. tilsvarande løyve til øving til breplatået på Jostedalbreen, som ei eingongshending.

***Norsk Folkehjelp Sanitet og Norske Redningshundar i Årdal  
Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde***

Fylkesmannen har forstått at de ser at stikkaløypa frå hytta dykkar ved Tyinosen inn mot Tyinholmen og mot Skogadalsbøen, og ei rute frå hytta mot Hjelledalen-Nettismorki. Dette er område der det oppheld seg mykje folk i høgtider som påsken. Fiskehyttene Trollsjøen, Vasspollane og Kyrkjevatn er også svært aktuelle. Dette er Jeger & Fisk sine hytter, og Norsk Folkehjelp kan ta nyttekøyning til desse hyttane.

Heimelsgrunnlag

I Jotunheimen nasjonalpark er det i følge forskrifta §3 pkt. 5.1. "...forbode å drive motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty er forbode unnateke til ambulans-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiføremål." I følge pkt. 5.3.4. gjeld ikkje forbodet m.a.: "...køyning i andre naudsynte tilfelle der særlege grunnar ligg føre."

For Utladalen landskapsvernområde gjeld i følge pkt. IV. 8 at "...motorferdsel, herunder landing med luftfarty, er forbode unnateke til ambulans-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål." Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til motorferdsel for "utøving av landbruksdrift og andre nødvendige tilfelle der særlege grunnar ligg føre." (verneforskrifta pkt. IV, 8).

Avgjerd

Vi gjer med bakgrunn i vurdering løyve for inntil 2 snøskutrar med nødvendig mannskap for:

- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta: Tyinosen – Tyinholmen – Skogadalsbøen
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta: Tyinosen – Hjelledalen – Vettismorki
- Inntil 2 turar i samband med transport av materiell til Jeger og Fisk sine hytter ved:

Trollsjøen, Vasspollane og Kyrkjevatn.

Løyve vert gjeve på vilkår av at:

- bruk av snøskuter gjeld i perioden 15.februar til laurdagen ei veke før palmesøndag med unntak av søndagar for åra 2010, 2011 og 2012
- Bruk av snøskuter til transport gjeld i perioden 23.3. – 30.4.2009 med unnatak for søndag, og heilagdagdar samt perioden palmesøndag – 2. påskedag
- omfanget av snøskuterkøyring avgrensar seg til det som er strengt naudsynt
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn, som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal medbringast under transport. Køyrebok fyllast ut før kvar tur
- Fylkesmannen får tilsendt ein eigen rapport om gjennomføringa innan 1.juni (fellesrapport frå Sogn og Fjordane Røde Kors).

### **Røde Kors Luster Hjelpekorps**

#### **Jotunheimen nasjonalpark, Utladalen landskapsvernområde og Breheimen nasjonalpark**

Aktuelle område innanfor desse ytterpunkta er:

- Turtagrø — Skogadalsbøen— Sognefjellhytta — Turtagrø
- Turtagrø- Storavatn- Nøstedalsseter
- Turtagrø — Tindeklubbhytta
- Sognefjellshytta – Fanaråkbreen
- Storevatnet – Grønevatnet (i Breheimen nasjonalpark, må og ha løyve frå Fylkesmannen i Oppland)

#### Heimelsgrunnlag

I Jotunheimen nasjonalpark er i følgje forskrifta §3 pkt. 5.1. motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty forbode unnateke til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiføremål. I følgje pkt. 5.3.4. er det lov å drive køyring i andre naudsynte tilfelle der særlege grunnar ligg føre.

For Utladalen landskapsvernområde gjeld i følgje pkt. IV, 8 at "...motorferdsel, herunder landing med luftfarty, er forbode unnateke til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål." Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel for "utøving av landbruksdrift og andre nødvendige tilfelle der særlege grunnar ligg føre" (verneforskrifta pkt. IV, 8).

#### Avgjerd

Vi gjer med bakgrunn i vurdering løyve for inntil 2 snøskutrar med nødvendig mannskap for:

- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta: Turtagrø-Skogadalsbøen-Sognefjellhytta-Turtagrø
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta: Turtagrø- Storavatn- Nøstedalsseter
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta: Turtagrø-Tindeklubbhytta
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta: Sognefjellshytta-Fanaråkbreen
- Inntil 2 kjentmannsturar på ruta: Storevatnet - Grønevatnet

Løyve vert gjeve på vilkår av at:

- bruk av snøskuter gjeld i perioden 15. februar til laurdagen ei veke før palmesøndag med unntak av søndagar for åra 2010, 2011 og 2012
- omfanget av snøskuterkøyring avgrensar seg til det som er strengt naudsynt
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv

- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn, som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal medbringast under transport. Køyrebok fyllast ut før kvar tur
- Fylkesmannen får tilsendt ein eigen rapport om gjennomføringa innan 1.juni (fellesrapport frå Sogn og Fjordane Røde Kors).

### ***Utanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde***

Frå utfartsområdet frå Skard i Fresvik vil Vik Røde Kors Hjelpekorps gjere ein kjentmannstur sørover til Legdaskard og Jorddalsskard, ved grensa for landskapsvernområdet. Det er såleis ikkje naudsynt med eit løyve for bruk av snøskuter i Nærøyfjorden landskapsvernområde.

### **Klage**

Avgjerdene i dette brevet kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning av partar i saka eller andre med rettsleg klageinteresse, jf forvaltningslova § 28. klagefrist er 3 veker etter at ein er kjend med vedtaket, Klage stilast Direktoratet, men skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen kan også gi opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernsjef

Tom Dybwad  
seniorrådgjevar

#### Kopi per e-post:

Direktoratet for naturforvaltning  
Fylkesmannen i Hordaland  
Fylkesmannen i Oppland  
Politimeisteren i Sogn og Fjordane  
Statens Naturoppsyn v/ Anne Rudsengen  
Fjellopsyn Einar Fortun, Luster kommune  
Statens naturoppsyn v/ Rune Holen  
Statens naturoppsyn v/ Rigmor Solem  
Statens Naturoppsyn v/ Rein Arne Golf  
Statens naturoppsyn v/ Kristoffer Ullern Hansen  
Fjellopsyn Nils Kvamme  
Årdal kommune  
Lærdal kommune  
Luster kommune  
Aurland kommune  
Jølster kommune  
Vik kommune  
Sogndal kommune  
Førde kommune  
Gløppen kommune  
Naustdal kommune  
Stryn kommune  
Rådgjevande utval i Jostedalsbreen nasjonalpark v/ leiar Torodd Urnes  
Tilsynsutvalet i Jotunheimen NP i Luster v/ Anders Fortun  
Tilsynsutvalet i Jotunheimen NP i Årdal v/ Vidar Sylvarnes

#### Kopi pr. brev

Rådgjevande utval i Stølsheimen LVO v/ Lars Kn. Mørkve, 5713 Vossestrand

#### Kopi internt:

Tore Sønnesyn, rådgjevar beredskap